

# BLINDTARMEN


OBSERVASJON OG OPERASJON



**HELSE BERGEN**  
Haukeland universitetssjukehus

## KVA ER BLINDTARMBETENNELSE?

Blindtarmsvedhenget er det som til vanleg blir kalla "blindtarmen" og er ein del av tarmsystemet. Det er eit lite vedheng, omlag 9 cm langt og er festa til første del av tjukktarmen. Blindtarmbetennelse opptrer oftast hos barn og unge vaksne, men kan inntreffe i alle aldrar.



### Blindtarmbetennelse kan utvikle seg på fleire vis:

- Han kan gå over av seg sjølv.
- Betennelsen kan vare ei tid med litt smerte i magen og av og til feber.
- Blindtarmen kan sprekke.

Det er ein fordel å operere ein betent blindtarm før infeksjonen blir alvorleg. Dersom det viser seg at betennelsen har vart i mange dagar, kan det hende legen vel å behandle med antibiotika.

### Operasjonsteknikken som vart brukt (sjå kryss):

- Laparoskopi ( kikkholsteknikk )
- Open operasjon

### Operasjonssåret er lukka med (sjå kryss):

- Stiftar (agraffar)
- Sting
- Strips (tape)
- Intracutane sting er sydd innvendig, så dei treng ikkje bli fjerna.

Sting eller stiftar blir fjerna 10 - 12 dagar etter operasjonen. Du må sjølv avtale tid med legekontoret for å få det gjort.

### Smerter

Smertene vil bli mindre etterkvart. Du kan ta paracetamol mot smertere dei første dagane. Følg vanleg dosering som står anbefalt på eska.

### Kost

Du kan ete og drikke normalt.

Drikk ikkje alkohol dersom du er på antibiotikakur.

### Aktivitet

Du bør vere varsam med tunge løft dei første 14 dagane.

### Hygiene

Du kan dusje frå 3. dag etter operasjonen. Skift alltid bandasje etter ein dusj. Ikkje bruk badekar eller symjehall dei tre vekene etter operasjonen.

### Ta kontakt med lege dersom du får nokre av desse symptomata:

- Feber
- Meir smerter
- Såret tek til å væske
- Det vert raudt kring såret

Du har lege på sengepost: .....

Du kan kontakte posten dei første .....dagane etter utskriving.

Deretter må du ta kontakt med legen din eller legevakta.



## KONTAKT OSS

Kirurgisk klinikk

Avdeling for gastro og akuttkirurgi

Poliklinikk ekspedisjon: 55 97 28 42

Sengepost 1: Telefon 55973400

Sengepost 3: Telefon 55973503

**[www.helse-bergen.no](http://www.helse-bergen.no)**

Haukeland universitetssjukehus

Telefon: 05300